



Fylkesmannen i Oppland

MILJØVERNDELINGA



Inspeksjonsrapport

Vinstra avløpsanlegg 11.6.2014

Inspeksjon ved Vinstra avløpsanlegg

Dato for inspeksjonen: 11. juni 2014

Rapportnummer: 2014.019.I.FMOP

Saksnummer: 2014/4223

Kontaktpersonar ved kontrollen:

Frå Nord-Fron kommune:

Bjørn Bjørke

Frå Fylkesmannen:

Tore Pedersen

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar resultat frå inspeksjonen, slik situasjonen var ved kontrolltidspunktet 11.6.2014. Hovudtema for kontrollen var oppfølging av utslippskrav og leidningsnett, miljørisikovurdering og klimatilpassing.

Tilsynet vart gjennomført som del av ein landsomfattande kontrollaksjon retta mot kommunale avløpsanlegg. Resultata frå aksjonen vil bli samanstilte av Miljødirektoratet og Fylkesmannen.

Fylkesmannen avdekka 5 avvik under tilsynet.

- Handlingsplan og saneringsplan er ikkje tilfredsstillande
- Det er ikkje gjort gode nok førebuingar for å tilpasse for å tilpass avløpsanlegget til framtidige klimaendringar
- Akkreditert prøvetaking er ikkje innført ved avløpsanlegget
- Manglande oppfylging av reinsekrav for utslepp til vatn i 2013
- Miljørisikovurdering for avløpsanlegget er ikkje tilfredsstillande

Avvikane er beskrivne frå side 5 og utover i rapporten.

Nord-Fron kommune må sende ein skriftleg tilbakemelding innan 10.10.2014 om oppfølging av avvik.

Denne rapporten vil være offentleg, jf. offentleglova.

1 Informasjon om verksemd og anlegg

Kommune: Nord-Fron	Organisasjonsnr: 839 893 132
Postadresse: Nedregata 50, 2640 Vinstra	
Bransjenr. (NACE-kode): 84.110 – Generell offentlig administrasjon	

Kontrollert anlegg

Namn: Vinstra avløpsanlegg	Anleggsnr: 0516.0008.01
Anleggsaktivitet: Avløpsnett og -reinsing	Risikoklasse: 4
Løyve gitt: 19.12.2007	Løyve oppdatert: -

2 Inspeksjonens omfang

Formålet med inspeksjonen var å kartlegge i kva grad kommunen konkretiserer og gjennomfører krav satt i utsleppsløyvet og kapittel 14 i forureiningsforskrifta. Vi kontrollerte følgjande tema:

- Mål for avløpsanlegg
- Handlingsplaner/Saneringsplaner
- Klimatilpassing
- Overløp
- Leidningsnett
- Akkreditert prøvetaking
- Etterleving av reinsekraft i 2013
- Driftsstabilitet
- Miljørisikovurdering
- Avviksbehandlingssystem

Denne rapporten omhandlar avvik som ble avdekket under inspeksjonen og gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av kommunens miljøarbeid eller miljøstatus.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsett i eller i medhald av lov.

Merknad: Eit forhold som tilsynsetatane meiner er nødvendig å påpeike for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

3 Oppfølging etter inspeksjonen

Kommunen plikter å rette opp de avvika som er omtala i denne rapporten. For at vi skal kunne avslutte saken, ber vi om en skriftleg tilbakemelding innan 10.10.2014 om oppfølging av avvik.

Denne rapporten vil være offentleg tilgjengeleg via postjournalen og heimesidene til Fylkesmannen, jf. offentleglova.

4 Gebyr for inspeksjonen

Vinstra avløpsanlegg er i utsleppsløyvet plassert i risikoklasse 4. Dette betyr at dykk skal betale **kr 4 600,-** i gebyr for kontrollen, jf. § 39-6 i forureiningsforskrifta. Miljødirektoratet vil ettersende faktura.

5 Avvik

Avvik 1 Handlingsplan og saneringsplan for avløpsanlegget er ikkje tilfredsstillande

**Avvik frå Forskrift om internkontroll § 5 punkt 6 (risiko, planer og tiltak)
Forskrift om internkontroll § 5 punkt 7 (forebygge overtredelser)**

Kommentar

Kommunen har ein gamal hovudplan og saneringsplan frå år 2000. I forkant av inspeksjonen fekk vi tilsendt eit utkast til ny hovudplan og saneringsplan, men enkelte ting står att før planane formelt blir vedtekne. Det er viktig at kommunen sørgjer for å oppdatere vedtekne planar regelmessig. Planlagde tiltak i saneringsplan/handlingsplan skal ha tilstrekkelig forankring i politisk leining og/eller gjennom vedtatt finansiering.

Avvik 2 Anleggseigar har ikkje gjort gode nok førebuingar for å tilpasse avløpsanlegget til framtidige klimaendringar

**Avvik frå Forureiningsforskrifta § 14-10 Utforming og drift av reinseanlegg
Forskrift om internkontroll § 5 punkt 6 (risikovurdering)
Forskrift om internkontroll § 5 punkt 7 (forebygge overtredelser)**

Kommentar

Kommunen har ikkje undersøkt kva innverknad framtidige klimaendringar vil ha på avløpsanlegget. Klimaet er venta å bli både varmare og våtare, blant anna gjennom hyppigare tilfelle med meir intensivt nedbør. Dette kan få konsekvensar for drifta av avløpsanlegget og det er viktig å ligge i forkant av utviklinga. Strategiar for korleis ein skal handtere større vassmengder og for å hindre at overvann kommer inn på avløpsnett, vil være viktig i eit framtidig klima.

Nord-Fron kommune bør innhente informasjon om venta utvikling av nedbør og omsette dette i verknader i avløpsnett, enten ved modellberekning eller gjennom andre vurderingar.

Avvik 3 Akkreditert prøvetaking er ikkje innført ved avløpsanlegget

Avvik frå Forureiningsforskrifta § 14-11 Prøvetaking

Kommentar

Det er ikkje innført akkreditert prøvetaking ved Vinstra reinseanlegg. Alle prøver ved anlegget er tatt ut etter akkreditert framgangsmåte, men det er nødvendig å bygge om anlegget for å tilfredsstillе alle krav. No blir dekantvatn frå slamfortykkaren ført til innløpet, og prøveuttaket er dermed ikkje representativt for innløpsvatnet.

Avvik 4 Manglande oppfyljing av reinsekrav for utslepp til vatn i 2013

**Avvik frå Utsleppsløyve punkt 2
Forureiningsforskrifta § 14-2, § 14-11, § 14-12, § 14-13
Forskrift om internkontroll § 5 punkt 7 (forebygge overtredelser)**

Kommentar

I 2013 tilfredsstilte ikkje 3 prøver konsentrasjonskravet og reinseeffektkravet for BOF₅. I tillegg hadde 1 prøve ein BOF₅-konsentrasjon på 60 mg/L, noe som er over 100 % meir enn kravet på 25 mg/L.

Vinstra reinseanlegg har ikkje biologisk reinsetrinn, noe som gir utfordringar med å oppfylle reinsekrava for reduksjon av organisk stoff. Det er likevel svært viktig at anlegget kan overhalde reinsekrava framover.

Avvik 5 Miljørisikovurdering for avløpsanlegget er ikkje tilfredsstillande

Avvik frå Forskrift om internkontroll § 5 punkt 6 (vurdere risiko)

Kommentar

Ved tilsynet låg det ikkje føre ei dokumentert miljørisikovurdering for avløpsanlegget. I 2013 gav Norsk Vann ut ei rettleiing (rapport 197/2013) om vurdering av risiko for ytre miljø ved avløpsanlegg. Denne rettleiinga kan være til hjelp for å gjennomføre ei tilstrekkeleg miljørisikovurdering.

6 Merknader

Vi har ingen merknader.

7 Gjennomføring

Fylkesmannen varsla tilsynet per telefon 23.5.2014, og det vart avtalt å gjennomføre tilsynet 11.6.2014. Sjølve tilsynet vart gjennomført med eit opningsmøte, intervju, synfaring på anlegget og eit avslutningsmøte. Totalt vart tre personar intervjua.

Funksjon	Åpning	Intervju	Slutt
Verksemdsleiar	X	X	X
Avdelingsleiar	X	X	X
Driftsoperatør	X	X	X

Frå Fylkesmannen deltok Tore Pedersen (overingeniør).

8 Kommentar

Det er nå lenge sidan kommunen vedtok å legge ned Vinstra reinseanlegg og føre alt avløp til Frya reinseanlegg. Vi meiner det nå er på høg tid at vedtaket blir effektuert, eller at kommunen finn ei ny tilfredsstillande løysing som blir følgje opp med planar og finansiering.